

Protokoll frå regionstyremøte 1/ 2017

Møte nr. 1/ 2017

Dato: 24.-26.02.2017

Sted: Nordfjord Hotell, Nordfjordeid

Til stades frå styret:

Gry Sissel Sagen, Caroline Bjørge, Nils-Gunnar Solli, Kari Klokseth, Hilde Hoddevik, Kirsten Tamara Lien Nøtseth (3. vara)

Forfall: Knut Mikkelsen, Hilde Horpen

Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

Vedtaksaker (A-saker):

01/2017 **Godkjenning innkalling og saksliste**

Vedtak:

Saksliste og innkalling godkjent.

02/2017 **Regnskap 2015 og 2016**

Vedtak:

1. Regionstyret tilrår regiontinget å godkjenne regnskapet for 2015.
2. Regionstyret tilrår regiontinget å godkjenne regnskapet for 2016.
3. Revisjonsberetning og notar til rekneskapane følger som vedlegg til regiontinget.

03/2017 **Budsjett 2017-2018**

Vedtak:

1. Regionstyret viser til vedtatt budsjett for 2017 og tilrår regiontinget å ta budsjettet til orientering.
2. Regionstyret tilrår regiontinget å godkjenne det framlagte budsjettet for 2018 som eit retningsgivande rammebudsjett. Regionstyret gjer endeleg vedtak.

04/2017

Årsmelding for 2015 og 2016Vedtak:

1. Regionstyret tilrår regiontinget å godkjenne årsmeldinga for 2015.
2. Regionstyret tilrår regiontinget å godkjenne årsmeldinga for 2016.

05/2017

Aktivitetsplan 2017-2019Vedtak:

Regionstyret tilrår at regiontinget godkjenner dei framlagte aktivitetsplanane som retningsgivande for styrets arbeid.

06/2017

Innsendte saker frå medlemmane til regiontinget 2017

Det er mottatt sak frå Tomra Brass Band, Ørskog Brass og Tomrefjord skulekorps som gjeld tidspunkt for gjennomføring av Nordvesten skulekorps.

Vedtak:

1. Regionstyret ber om at dei som har lagt fram forslaget kjem med eit styresignert dokument om saka. Frist for dette er 11. mars 2017.
2. Regionstyret tilrår at regiontinget opprettheld noverande ordning med Nordvesten for skulekorps i vårsemesteret. Regionstyret tilrår vidare at det blir lagt opp til samarbeid mellom NMF Nordvest og arrangørane for Tomra/Ørskog-festivalen.

07/2017

NMF i 100, - regional gjennomføringsplan for 100-årsjubileet i 2018Vedtak:

1. Regionstyret gir regionstyreleiaren fullmakt, i samarbeid med daglig leder, å fortsette arbeidet med eit dokument som blir lagt fram for regiontinget 2017, basert på signaler gitt i styremøtet.
2. Regionstyret tilrår regiontinget å slutte seg til plan for regional gjennomføring av jubileumsåret 2018. Styret sin tilråding for val av stad til hovudmarkeringa er Fosnavåg. Alternativ stad er Nordfjordeid.

08/2017

StyreinstruksVedtak:

Regionstyret tilrår regiontinget å vedta det framlagte forslaget til styreinstruks for regionstyret i NMF Nordvest.

09/2017 Handlingsplan for NMF Nordvest 2014-2018Vedtak:

Regionstyret tilrår at regiontinget tar gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2018 (vedtatt på regiontinget 2015) til orientering.

10/2017 Saker til regiontinget frå regionstyret

Saka utgår sidan ingen andre saker enn dei som står på sakslista frå før, er innkomme.

11/2017 Vedtekter for NMF Nordvest, oppdatering i hht. til landsmøtet 2016Vedtak:

Regionstyret tilrår at regiontinget vedtar at NMF Nordvest frå dags dato gjer NMFs vedtekter, vedtatt på NMFs landsmøte 2016, til regionens gjeldande vedtekter.

Regiontinget vedtar vidare at det fram til landsmøtet i 2018 blir gjort følgjande endring for vedtektenes § 7.2.f;

«Daglig leiar saman med regionstyreleiar teiknar regionen. Regionstyret kan meddele prokura.»

12/2017 Gjennomføring av regionting og fagkonferanseVedtak:

1. Regionstyret slutter seg til framlagt plan for regiontinget 23. april 2017, med følgjande tidsplan:

Møtestart kl. 11.00, lunsj kl. 13.00, estimert slutt kl. 16.00.

2. Regionstyret slutter seg til framlagt plan for Nordvestkonferansen laurdag 22. april 2017 med dei endringane som kom fram under debatten.

Justert program følgjer protokollen som vedlegg.

13/2017 Regionkorps, økonomi, samlingsdatoar og styredeltakingVedtak:

Regionstyret slutter seg til administrasjonens framlagte plan for organisering av regionkorpssamling, med følgjande presisering: Regionstyret og regionkontoret skal dekke funksjonen som samlingsvertar. Regionstyret kjem tilbake til arbeidsfordelinga når det nye styret er valt på regiontinget i april 2017.

14/2017 Økt deltaking på regiontingVedtak:

Regionstyret har behov for og ønske om større deltaking på regionting. Det blir lagt til grunn eit prinsipp om at reisekostnad skal være lik uavhengig av kor i regionen medlemmane har tilhald. Regionstyret tilrår derfor regiontinget å vedta prinsippet om utjamning av kostnader med verknad f.o.m. regiontinget 2019. Det betyr at alle medlemskorps/grupper (også dei som ikkje deltek) betaler eit fast beløp, som ut i frå dagens kostnadsnivå vert anslått til kr 1.500 for inntil to delegatar. Beløpet dekker både reise og opphald. Eventuelt overskot blir øyremerka regionkorpsa i NMF Nordvest.

15/2017 Regional sommarkursplanVedtak:

Regionstyret slutter seg til den framlagte regionale sommarkursplan.

16/2017 Konkurransar våren 2017 - deltaking og gjennomføringVedtak:

Regionstyret tar den framlagte statusrapporten til orientering.

17/2017 Nordvestivalen 2017Vedtak:

Regionstyret vedtar slik prioritert rekkefølge for gjennomføring av Nordvestivalen:

- Alternativ 1: Arrangementet blir lagt til Sandane, gitt at det er tilgang på lokal arrangør.
- Alternativ 2: Arrangementet blir gjennomført i Møre og Romsdal (Brattvåg), med lokalt teknisk mannskap.
- Alternativ 3: Arrangementet blir avlyst i 2017 med grunngeving i at det er kort tid til planlagt, større arrangement i april 2018.

18/2017 DrillstrategiVedtak:

Regionstyret slutter seg til den framlagte drillstrategien. Drillstrategien følgjer protokollen som vedlegg.

19/2017

Representasjon
Vedtak:

Regionstyret vert representert på følgjande arrangement / jubileum:

Arrangement	Representasjon frå regionstyret
Bremsnes og Bruvoll Musikkorps, 25 år, 25. mars 2017	Kari Røsberg Klokseth
Nordvesten Møre og Romsdal, 11. mars 2017, Skodje	Nils-Gunnar Solli
Nordvesten Sogn og Fjordane, 18. mars 2017, Florø	Knut Mikkelsen, Nils-Gunnar Solli
Midtnorsk meisterskap i drill, 1. og 2. april 2017, Molde	Kirsten Tamara Lien Nøtseth, Nils-Gunnar Solli

Orienteringssaker:

20/2017

Nytt frå regionkontoret

- Inkluderingsprosjekt
- Ferie PULSE i Nordvest
- NMF Nordvest i 2018 - oppdatering
- Kontorsituasjonen

21/2017

Nytt frå NMF sentralt


- Korpsipedia

22/2017

Informasjon frå regionstyreleiaren

- Nasjonalt leiarmøte på Hell, januar 2017

Nordfjordeid, 26.2.17 / Molde, 14.3.17



 Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar



 Ingrid Sofie Nygaard
dagleg leiar